



Boligsenteret Bergen as
Ervikveien 70 B
5106 ØVRE ERVIK

Referanser:
Dykkar: Tom Lingjerde
Vår: 15/86 - 15/9843

Saksbehandlar:
Anne-Lise Næs Olsen
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

20.05.2015

Førebels svar - endring av reguleringsplan for Holmemarka Aust

Me har motteke utfyllande dokumentasjon i saka av 17.3.2015, av 19.03.2015 og vi har motteke SOSI-filer av 6.5.2015.

Plankartet

Når det gjeld sjølve plankartet, så er byggjegranser ikkje i samsvar med Plan og bygningslova. Det skal i utgangspunktet vere min. 4 meter mellom byggjegranser og eigedomsgrensar, og det lyt vere min. 8 meter mellom byggjegransene til dei ulike parsellane, med unntak av mellom parsell nr. 6 og 7.

Mellom parsell nr. 3 og eksisterande eigedom 10/56 lyt det setjast av min. 4 meter mellom tomtegrense og byggjegrænse.

I føresegnene til reguleringsplanen § 3, står det at *Husa skal plasserast innanfor byggjegrænse*. Det er viktig at byggjegransene held avstandar i samsvar med lovverket.

Mindre tiltak kan kommunen likevel vurdere å plassere nærare nabogrense i samsvar med pbl § 29-4.

De har i tillegg dokumentasjon lagt ved plan for avkjørsler med frisktlinjer. Siktlinjene lyt leggjast inn i plankartet.

Målsetting av fortau og fellesveggar er elles utegløymt og lyt leggjast inn i plankartet.

De har vidare sendt inn endra illustrasjonsplan som syner korleis B8 kan byggjast ut, og her er illustrert snusirklar på dei ulike parsellane. Dette ser stort sett greitt ut, men for parsell nr. 4 kan garasje med fordel trekkjast litt lengre nord for å unngå konflikt med felles tilkomstveg.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunen har også mottok SOSI-filer. Disse har me sett gjennom og me går ut frå at framtidig SOSI-fil for B9 med tilkomst til denne, vil samsvare med her innsendt fil for B8.

SOSI-fila som me mottok syner eit mellomrom mellom regulert veg i gjeldande plan og B8, som nok utgjer planlagt fortau. Dette lyt leggjast inn i SOSI-fila i samsvar med planendinga.

Siktsonar er ikkje lagt inn i SOSI-fila som me mottok, og dette lyt også korrigerast.

Oppsummering:

Me bed såleis om at de sender inn revidert planteiknig med påførte siktlinjer, målsetting av fortau og fellesvegar, og med byggjegranser i samsvar med avstandskrava i lovverket. Med bed også om at SOSI-fila vert justert i samsvar med dette og vert sendt til kommunen. Når kommunen har mottok revidert dokumentasjon kan søknaden behandlast.

Ta kontakt ved spørsmål.

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
Fagansvarleg Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Boligsenteret Bergen as

Mottakere:

Boligsenteret Bergen as

Ervikveien 70 B 5106

ØVRE ERVIK